



# KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

## MØTEBOK - PROTOKOLL

<b>Møtestad</b> Vågå kommunehus	<b>Møtedato:</b> 16. januar 2019	<b>Frå kl.</b> 10:00	<b>Til kl.</b> 13:00
<b>Møteleiar:</b>	Ove Turtum		
<b>Møteinnkalling:</b> (kunngjering)	Innkalling av 4. januar 2019 med tilleggssak 14. januar 2019		
<b>Representantar som er borte:</b>			
<b>Vararepr. som er tilstades:</b>			
<b>Til stades:</b>	I alt: 3	Av desse ordinære medl.: 2	
<b>Merknad:</b>	Ingen merknad.		
<b>Andre frammøtte:</b>	Frå Innlandet Revisjon IKS: Björg Hagen <i>Anne Hestengen</i> Sekretær Morten Sørhage førte møteboka		
<b>Saker som vart drøfta:</b>	Sak nr. 01 - 08/2019		
<b>Merknader til møteboka:</b>	Ingen merknad.		
<b>Underskrifter:</b>	Ove Turtum      Ivar Valdvik      Bjula Marie Ulsletten <i>Ove Turtum</i> <i>Ivar Valdvik</i> <i>Bjula M. Ulsletten</i>		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- Vågå kommunestyre, ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

## MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. januar 2019	Kontrollutvalet	01/19

**Vedlegg:**

- Framlegg til årsmelding 2018
- Oppfølging KU 2018

### KONTROLLUTVALET'S ÅRSMELDING FOR 2018

**Saksframstilling:**

I følge kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Kontrollutvalet i Vågå gjev gjennom si årsmelding ei samla orientering til kommunestyret om utvalet si verksemd gjennom året.

**Forslag til innstilling:**

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2018 til orientering.

**Handsaming:**

Kontrollutvalet kommenterte at vara Ivar Valdvik har p.g.a. sjukdom møtt fast siste år. Sekretær fylgjer opp saker som ikkje er ferdig handsama og går gjennom eventuelle tilsynssaker. Det vart på nytt etterlyst skriv som gjeld ymse tilsynssaker i Vågå kommune.

**Innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2018 til orientering.

## MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. januar 2019	Kontrollutvalet	02/2019

### ARBEIDSMØTE – PLAN FOR 2019

Kontrollutvalet drøftar kva saker som er ynskjeleg å handsame i 2019.

Sekretær har laga vedlagt utkast til årsplan. Denne er førebels og må også rullerast gjennom året, da det kan dukke opp saker for handsaming og saker som kontrollutvalet ynskjer til orientering.

Forslag til møteplan 1. halvår 2019:

16. januar

10. april

8. mai

Kontrollutvalet går gjennom planen og supplerer med det som er ynskjeleg.

#### **Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsplanen til orientering.

#### **Handsaming:**

Kontrollutvalet supplerte utkastet til årsplan/arbeidet 2019 med konkrete forslag:

- Orientering om bruk av næringsfondet. Spesifikt utbetalingar av tilskot til forskjellige formål. Dette kan være veganlegg og ymse lag/foreiningar
- Orientering om datasikkerheit
- Tilsyn PU. Orientering om arbeidet med oppfylging av pålegg
- Orientering om regionrådet – utviklinga i organisasjonen

Etter valet - opplæring av folkevalde. Orientering om kontrollutvalsarbeid og revisjon.

## MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. januar 2019	Kontrollutvalet	03/2019

### FORVALTNINGSREVISJON

**Vedlegg:**

Utskrift av §9A (psykososialt miljø) og kap. 5 (spesialundervisning) i opplæringslova

På bakgrunn av overordna analyse har kommunestyret vedteke plan for forvaltningsrevisjon med denne prioriteringa:

- 1- Økonomi – sentraladministrasjon
- 2- Skule og oppvekst
- 3- Helse-, omsorg og sosialsektoren – spesielt aldersomsorg, sjukeheimsplassar og heimetenesta

Den økonomiske rapporten (1) omhandlar sjølvkosthandsaming og vedlikehalds/investeringsplan. Denne er ferdigstilt og vart handsama i sak nr. 19/18 den 17. oktober 2018.

Området skule og oppvekst er etter dette prioritert emne. I sakshandsaminga og i overordna analyse kjem psykososialt miljø, «mobbing», fram som det største risikoområdet. Kontrollutvalet presiserte i møte 14. juni at dei ville prioritere problemstillingar andsynes trivsel i skulen. Andre fokusområde er spesialundervisning og målstyring/rapportering.

Avvik innan skulemiljøet gjev store konsekvensar for den einskilde. Frå kommunalt hald kan det føre til erstatningsoppgjær ved manglande oppfylging. I 2017 kom nye lovheimlar på området. Desse gjev større rettigheter til elev/foreldre. Rektor er pålagt større aktivitetskrav med tiltak ved oppfylging av evt. saker. Det nye lovkravet har vore ei utfordring å fylle, slik at Fylkesmannen har fokus på problemstillinga.

Spesialundervisning gjev individuelle rettar med tilpassing av læring til den einskilde. Opplegget er ei samarbeid med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT). Det er fokus på tidleg innsats. For den einskilde har tilhøvet store konsekvensar for utvikling og livskvalitet. Rammer for problemstillingar er om kommunen har utvikla rutinar som oppfyller lovkrava, både internt i skulen og andsynes PPT.

Målstyring kan vera gjennom tilstandsrapportering etter nasjonal målstyring/rapportering. Ei utfordring ved utforming av problemstillingar er avgrensing mot verddivurderingar. Verksemda i kontrollutvalet er avgrensa mot regelvurdering, dvs. lovverk og vedtak.

Når det gjeld helseforvaltning, var det gjennomført eit fellesmøte 31. oktober 2018 med gjennomgang frå NGLMS og Fylkesmannen. Det var ikkje direkte samanheng med tilhøva i Vågå kommune, nemnt i plan for forvaltningsrevisjon.

#### VURDERING

Etter vedtak kan kontrollutvalet vurdere prioriteringa av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Ettersom reglane om det psykososiale miljøet er såpass nye og det blir arbeidd mykje med tilhøvet frå sentralt hald, vil ikkje sekretær råd til at dette blir prioritert. Om KU fortsatt vil ha eit prosjekt på skule og oppvekst, vil sekretær i utgangspunktet foreslå at ein konsentrerer det om spesialundervisning. Fagområdet er regelstyrt, slik at det er lettare å finne hensiktsmessige problemstillingar og dermed revisjonskriteriar. Kontrollutvalet diskuterer i møtet rammene og kva spesifikke område dei vil prioritere i prosjektet, slik at sekretariatet kan formulere ei spesifikk bestilling.

#### Forslag til vedtak:

- 1) Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonsprosjekt i sektoren skule og oppvekst
- 2) Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til å spesifisere konkrete problemstillingar
- 3) Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS

#### Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta prioritering av prosjekt etter planen for forvaltningsrevisjon. Utvalet ser tema omsorg, bufelleskap og pleie som mest aktuelt for vidare vurdering. Sentralt formål med gjennomgang er om tenestene med pleie og sjukdomsplassar er etter vedtak og lovverk. Tenesteområdet er stort og omfattande, så det er formålstenleg med ein foranalyse/prosjektplan.

#### Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet bestiller foranalyse/prosjektplan til forvaltningsrevisjon i sektoren helse, omsorg og sosialsektoren – spesielt aldersomsorg, sjukeheimsplassar og heimetenesta
- 2) Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til å spesifisere konkrete tema for forvaltningsrevisjon
- 3) Utførande revisor er Innlandet Revisjon IKS



**VÅGÅ KOMMUNE  
KONTROLLUTVALET**

**MØTEBOK**

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. januar 2019	Kontrollutvalet	04/2019

**PERSONVERNOPPLYSNINGAR – GDPR**

Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) er å rekne som eit forvaltningsorgan. Etter dette er SKNG omfatta av offentleglova og personopplysningslova. Av dette fylgjer krav til handsaming av personopplysningar og, ikkje minst, rettar til den som er registrert.

Det er krav til personverneombud. Sekretariatet har etter styrehandsaming 28. august 2018 i sak nr. 8/2018 inngått avtale med *Advokat Kjetil Kvammen*.

Ettersom sekretariatet har registrert opplysningar om utvalsmedlemmane, blir dei bede om samtykke til dette.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

**Handsaming:**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. januar 2019	Kontrollutvalet	05/2019

**Vedlegg:**

Innlandet Revisjon IKS: Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2018

### OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2019

Etter gjeldende avtaler legg Revisjon Innlandet IKS fram overordna revisjonsstrategi 2018. Strategiplanen beskriv revisjonsomfanget og tidsplanen. Vidare er den bakgrunn for styring av oppdraget og gjev føringar for revisjonsplanen. Hovudtrekka i overordna revisjonsstrategi har desse hovudpunkta:

- Inndeling revisjonsområde
- Risiko- og vesentlegheitsvurderingar
- Tidspunkt for gjennomføring og styring
- Metodikk og angrepsvinkel
- Identifiserte vesentlege risikoområde
- Attestasjonsoppgåver

Arbeidet med revisjonen vil rullerast etter kvart som revisjonen blir utført. Innlandet Revisjon vil kommunisere dette undervegs.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

**Handsaming:**

Revisor orienterte om metodikken og det som er gjennomført. Kontrollutvalet stilte spørsmål om forskjellige høve.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



**VÅGÅ KOMMUNE  
KONTROLLUTVALET**

**MØTEBOK**

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	16. januar 2019	Kontrollutvalet	06/19

**VURDERING AV UAVHENGIGHEIT FOR 2018 –  
EIGENVURDERING FRÅ OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR**

**Vedlegg:**

- Revisors vurdering av uavhengigheit for 2018

**Saksframstilling:**

Kontrollutvalet sine oppgåver med rekneskapsrevisjon er heimla i Kommuneloven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at rekneskapane blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytt til fleire forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigheitserklæring.

Sekretæren har vurdert revisor si erklæring om uavhengigheit for 2018 og har ingen merknader til denne.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

**Handsaming:**

Revisor gjekk gjennom momenta. Kontrollutvalet hadde ingen kommentar.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.



## MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		16. januar 2019	Kontrollutvalet	07/2019

**Vedlegg:**

Avregning total ressursbruk 2018  
 Årsrapport 2018

### INNLANDET REVISJON IKS – ÅRSRAPPORT OG AVREGNING 2018

Oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS vart handsama i sak nr. 21/2017 7. desember 2017. Denne gjev grunnlag for fakturering gjennom året. Etter avtalen skal tenesten avreknast etter reelt ressursbruk.

Avrekninga syner mindreforbruk andsynes oppdragsavtalen. Differansen for tenesteyting utgjer kr. 97 995. Med frådrag for tilleggsinnbetaling til pensjonsfond, utgjer differansen kr. 36 495. Dette går til frådrag inneverande år.

Leiar for Innlandet Revisjon IKS deltek på møtet med nærare orientering.

**Forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2018 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.

**Handsaming:**

Dagleg leiar i Innlandet Revisjon IKS orienterte om organisasjonen, oppdragsavtalen og avrekninga.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2018 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.

**MØTEBOK**

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
		16. januar 2019	Kontrollutvalet	08/2019

## OPEN POST

Kontrollutvalet ber sekretær innhente opplysningar om:

- Rettssak mot PU ved flytting av brukarar
- økonomisk oversikt over beviljingar/overføringar til kyrkjeleg fellestråd for 2018 og budsjett 2019